

VEDTEKTER

HERØY GARDS VENNER

Stifta 28. januar 2025

1. Namn

Foreininga sitt namn er «Herøy gards venner», heretter kalla Foreininga. Foreininga har adresse i Herøy kommune.

2. Formål

Herøy gards venner skal gi praktisk og økonomisk støtte i arbeidet med å drifte og utvikle Herøy gard, i å vere eit føretrekt reisemål med opplevingar knytt til historie, kultur, natur og rekreasjon.

3. Oppgåver

Kva oppgåver som skal løysast, og korleis det skal gjerast, blir fastsett i handlingsplan og budsjett for kvart år. Dette skjer i samarbeid med administrativ leiar ved Herøy gard og eigarrådet for Herøy gard.

4. Medlemer

Personleg medlemskap er ope for alle.

Medlemskategoriar: Enkeltmedlem, familiemedlem, bedriftsmedlem.

Årsmøtet kan tildele æresmedlemskap til personar som har gjort ein særleg innsats. Styret fastset medlemskontingent og det skal førast medlemslister over betalande medlemer.

Styret kan ekskludere medlem som ved framferd eller på annan måte skadar Foreininga sitt omdøme eller målsetjing, eller opptrer utilbørleg overfor andre medlemer, ressurspersonar eller tilsette knytt til Herøy gard. Styret skal informere medlemen om grunngjevinga for vedtaket.

Styret sitt vedtak kan ankast til årsmøtet, som tek avgjersle med alminneleg fleirtal. Vedtaket trer ikkje i kraft før klagen er handsama og eventuelt forkasta.

5. Økonomi

Foreininga er ei sjølvstendig økonomisk eining og disponerer egne midlar i tråd med vedtektene.

Det skal veljast revisor.

6. Styre

Foreininga vert leia av eit styre med 5 medlemer, og består av leiar, nestleiar, 3 styremedlemer og 3 varamedlemer. Årsmøtet vel styreleiar og styre. Styret elles konstituerer seg sjølv, med nestleiar, skrivar, kasserar og styremedlem. Medlemene i styret vert valde for to år om gongen, og kan sitje maksimalt seks år samanhengande.

Leiarar av arbeidsgruppene kan kallast inn av styret ved behov.

Det er berre betalande medlemer over 18 år som er valbare.

VEDTEKTER

HERØY GARDS VENNER

Stifta 28. januar 2025

Det skal haldast minst to styremøte i året, og elles når leiar eller minst to styremedlemer ber om det. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene deltek, her under leiar eller nestleiar. Ved likt røystetal har styreleiar dobbeltstemme.

Styret skal kallast inn av styreleiar med minst 7 dagars varsel. Det skal førast møtebok, og kopi av referatet skal sendast administrativ leiar ved Herøy gard og eigarrådet for Herøy gard til orientering.

Styret skal kalle inn til årsmøte i tråd med vedtektene.

Administrativ leiar ved Herøy gard og eigarrådet for Herøy gard kan møte i foreininga sine styremøte og årsmøte med tale- og forslagsrett.

7. Arbeidsgrupper

Styret kan opprette arbeidsgrupper og fastsetje mandat.

Arbeidsgrupper:

- består av minst ein leiar og to medlemer
- fører møtebok frå arbeidsmøta
- rapporterer frå arbeidet sitt til styret
- utarbeider årsplan og eventuelt budsjett
- utfører arbeidet sitt i tråd med årsmøtet og styret sine vedtak

8. Årsmøte

Foreininga gjennomfører årsmøte kvart år innan utgangen av mars månad.

Innkalling, med årsrapport og rekneskap, handlingsplan og budsjett, skal vere tilgjengeleg og gjerast kjent seinast 1 måned før årsmøtet.

Saker som skal behandlast av årsmøtet må vere sende skriftleg til styret seinast 3 veker før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje behandle andre saker enn dei som står på saklista.

Alle medlemer kan føreslå kandidatar til ledige verv.

Dagsorden:

1. Registrering
2. Val av møteleiar og referent
- 3 . Godkjenning av innkalling
- 4 . Godkjenning av dagsorden
- 5 . Godkjenning av årsmelding

VEDTEKTER

HERØY GARDS VENNER

Stifta 28. januar 2025

- 6 . Godkjenning av rekneskap
- 7 . Innkømne saker
- 8 . Fastsetjing av kontingent
- 9 . Handlingsplan og budsjett
- 10 . Val
 - a. Styreleiar, styre
 - b. Valkomit 
 - c. Revisor
- 11 . Evt. oppnemning av  eresmedlemer

Stemmegeving kan berre skje ved personleg framm te. Kwart medlemskap har ei stemme.

9. Ekstraordin ert  rsm te

Ekstraordin ert  rsm te vert gjennomf rt viss styret finn det n dvendig, eller 20 % av medlemene krev det. Innkalling skal skje ved kunngjering i relevante media seinast 1 m nad f r det ekstraordin ere m tet, og kan ikkje behandle andre saker enn dei som er omtalt i innkallinga.

10. Valkomit 

Valkomit en har tre medlemer og best r av leiar, nestleiar og eit medlem. Medlemer i valkomiteen vert valde for to  r om gangen og konstituerer seg sj lv. Valkomiteen skal f resl  kandidatar til styre, revisor og valkomit .

11. Vedtektsendingar

Vedtektsendingar skal leggst fram for  rsm tet til behandling. Styret legg forslag til innstilling fram for  rsm tet.

12. Oppl ysing

Oppl ysing av Foreininga m  vedtakast p  ordin ert  rsm te, og kan berre skje n r forslag om oppl ysing g r fram av innkallinga. Vedtak om oppl ysing, og disponering av eventuelle verdiar i Foreininga, m  skje med minst 2/3 fleirtal.